Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/10076-1
Sakshandsamar
Erik Damberg

Saksgang	**Møtedato**
Valgnemnda	28.04.2026
Fylkestinget	06.05.2026

Val av styremedlemmer til Vestfold og Telemark revisjon IKS

Innstilling frå fylkesdirektøren

Fylkestinget sluttar seg til valkomiteen si innstilling til val av styremedlemmer til styre i Vestfold og Telemark revisjon IKS.

Bakgrunn og saksgang

Vestfold og Telemark revisjon IKS skal gjennomføre val av styre i representantskapsmøte 22.05.2026.

I tråd med fylkeskommunens rutinar for oppnemning av styremedlemmer i selskap, blir saka behandla med innstilling frå valnemnda og vedtak i fylkestinget før representantskapsmøtet.

Representantskapet vel styret, herunder styreleiar og nestleiar, jf. lov om interkommunale selskap § 10.

Saksopplysningar

Vestfold og Telemark revisjon IKS er eigd av Vestfold fylkeskommune, Telemark fylkeskommune og fleire kommunar i regionen. Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og har ansvar for å velje styret.

I tråd med selskapsavtalen § 7 består styret av:

- 7 medlemmer
- 3 varamedlemmer (valt i rekke)
- 1 styremedlem med varamedlem valt av og blant dei tilsette

Dei tilsette har i tillegg ein observatør med møte- og talerett.

6 styremedlemmer og 3 varamedlemmer blir valde av representantskapet, medan 1 medlem blir valt av dei tilsette.

Styremedlemmene blir valde for ein periode på 2 år, jf. IKS-lova § 10.

Følgjande styremedlemmer er på val i 2026:

- Edvard Mæland (nestleiar)
- Henriette Suzanne Folkestad (medlem)
- Svein Inge Nyhus (medlem)
- Kjell Ekman (3. vara)

Valgkomiteen har einstemmig tilrådd gjenval av dei styremedlemmene som er på val.

Valgkomiteen grunngir innstillinga med behovet for brei samansetning av erfaring og kompetanse, samt omsynet til kontinuitet og fornying.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Godtgjersle til styret blir fastsett av representantskapet og dekt av selskapet.

Saka har elles ikkje vesentlege økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Saka har ikkje direkte konsekvensar for fylkets klimamål eller FNs berekraftsmål.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren legg til grunn at valkomiteen har gjort ei grundig vurdering av styret si samansetning.

Det er lagt vekt på kompetanse, kapasitet, kontinuitet og mangfald, og styret samla sett vurderast å ha relevant kompetanse innan revisjon, økonomi, organisasjon og offentleg forvaltning.

Fylkesdirektøren tilrår at fylkestinget sluttar seg til valkomiteen si innstilling.

Vedlegg:

Valgkomiteens innstilling 2026